

Hei

Her kommer en kort oppsummering fra befaringene på torsdag. Så videresender du til dei andre.

Tid : 31. oktober kl 1400-1530

Stad : Kryssområde ved nye Spildepollen skule og i vakjørsel til Nolten

Deltakarar : Knut Eivind Nygård, representantar frå FAU, bebuarar ved Nolten, Robert Kaupang Sæle og Tor Høyland

Tema : Trafikksikring Spildepollen og Nolten

Spildepollen

- **Feil skilting i snitt mellom 40 km/t og 50 km/t.** Det blir sendt bestilling om at skiltinga straks skal rettast opp (blant anna fjerning av 60-skilta).
- **Ynskje om å skilta med «parkering av-/påstiging» i busslommene ved krysset til nyeskulen.** Det er ikkje aktuelt med slik skilting. Av-/påstiging i busslommene er lovleg så lenge ein ikkje er til hinder for bussen.
- **Ynskje om leskur ved busslommene (3 stk).** Ligg ikkje inne i prosjektet. Blir difor meldt til kollektivgruppa (representantar frå Skyss, fylkeskommunen og Statens vegvesen) som må vurdera leskur her opp mot behovet andre stadar.
- **Ynskje om ny busslomme i vegarmen mot Telavåg. Her er det berre eit kantstopp i dag.** Det er ikkje regulert busslomme her og det er heller ikkje planlagt bygd busslomme. Ynskjet bli difor meldt til kollektivgruppa som må vurdera busslomme her opp mot kollektivtiltak andre stadar.
- **Glatt vegbane på gangvegen i svingen ned mot Kårevik.** Dette blir meldt til driftsavdelinga i Statens vegvesen.
- **Lav støypekant langs gamlevegen (som no er gang- og sykkelveg) ned mot nausta/sjøen.** Sikring av denne støypekanten er ikkje tatt med i vegutbetringa. Vi foreslår at det blir støypt ny betongsokkel med bøylar på toppen over ein ca 25 m lang strekning. Det er ikkje satt av midlar til dette i år. Dette er ein liten jobb, og då går meterprisen opp. Truleg vil det kosta kr 2 500,- per meter (+/- 10%).

Nolten

Ved avkjørsla til Nolten og vegen ved denne, er bebuarane bekymra for trafikktryggleiken. Dei opplever at farten er høg på strekninga. Fartsgrensa er 50 km/t. Fleire må no kryssa fylkesvegen for å koma til/frå skulen. Det er ikkje tilrettelagt godt nok for kryssing frå fortauet og over til gang- og sykkelvegen.

- **Ynskje om fartshump i området ved Nolten.** Det er ikkje prioritert fartshump her. Humpar blir normalt brukt i tettstadar, ved skular, ved gangfelt og på vegar der det ikkje er etablert fortau eller gang- og sykkelveg. Fartsmålinga som er foretatt i vår viser ein gjennomsnittsfart på rundt 45 km/t. Dette synes bebuarane er lågt og Statens vegvesen vil foreta nye målingar.
- **Ynskje om gangfelt i området ved Nolten.** Det er ikkje grunnlag for oppmerka gangfelt på denne staden. Til det er trafikkmengdene for lave. Sidan elevane no skal gå til Spildepollen skule, vil det bli endringar i gangmønsteret. Statens vegvesen vil foreta nye registreringar av fotgjengarkryssingane på strekninga frå Nolten og fram til krysset til Selstøsjøen. Registreringa blir foretatt etter at gangmønsteret har «satt» seg. Truleg i desember.
- **Ynskje om nedsenka fortauskant der gang- og sykkelvegen startar.** Fortauet på austsida har vore der i mange år. I 2008 blei gang- og sykkelvegen på vestsida bygd. Fortauskanten blei då ikkje nedsenka. Statens vegvesen lagar ei bestilling på nedsenking av fortauskanten.

Tor Høyland